



HØGSKULEN I VOLDA

Rektor

Kunnskapsministeren,
Postboks 8119,
Dep.,
0032 OSLO.

Høgskulen i Volda

Postboks 500
6101 Volda
Telefon: 70 07 50 00

Besøksadresse:
Joplassvegen 11
6103 Volda

postmottak@hivolda.no
www.hivolda.no

DYKKAR REF:

14/2719-

VÅR REF:

14/00824

DATO:

26.8.2014

OVERSENDING AV NOTAT TIL DIALOGMØTE

Styret ved Høgskulen i Volda har i ekstramøte 22. august vedteke teksta i vedlagde notat som innspel til dialogmøtet i Molde 17. september (mot tre røyster; sak 48/2014).

Høgskulen stiller med denne delegasjonen:

Halse, Per – rektor/styreleiar

Hamre, Pål – representant for fagleg tilsette

Jerndahl, Siri Rygh – studentrepresentant

Kjøde, Jacob jr. – høgskuledirektør

Remøy, Sølvi Lillebø – oppnemnd av departementet

Sæbønes, Ann-Marit – oppnemnd av departementet

Vi ser fram til spennande samtalar med statsråden!

Med venleg helsing,

Per Halse, rektor.

Vedlegg: Notat frå HVO til KD for dialogmøtet i Molde 17. september 2014.

Notat frå HVO til KD for dialogmøtet i Molde 17. september 2014.

Med tilvising til oppdragsbrevet av 26. mai d.å. får De med dette ei kort oppsummering av status i arbeidet ved Høgskulen i Volda (HVO) – og ønskje om kva strukturendringar vi gjerne vil diskutere.

Status i strategiarbeidet

Strategiplanen for HVO vart revidert i januar. Samstundes vart det initiert ein grundigare prosess for vidare arbeid med profil og strategi –ikkje minst i lys av signala frå statsråden. I tillegg til ordinære møte i leiargrupper og avdelingsråd har vi hatt eigne strategiseminar med utvida leiarmøte (februar), avdelingsråda (mai) og styret (januar og juni). Vidare har vi hatt allmøte om saka 18. august og ekstra styremøte 22. august (for m.a. å vedta innhaldet i dette notatet). Ny strategi skal etter planen vedtakast på styremøte i oktober, og dei endelege innspel til struktur i sektoren vert tema for seminar og styremøte då.

Sentrale spørsmål i drøftingane er både demografisk utvikling, faglege prioriteringar, vurdering av styrker og utfordringar, viktige samarbeidspartar og mogelege scenario for endra struktur i UH-sektoren. Den strategiske profilen fram mot 2020 kan førebels formulerast slik:

HVO er høgskulen for human- og samfunnsvitskapane i Møre og Romsdal – med fag- og profesjonsutdanningar på bachelor-, master- og PhD-nivå. Utover den regionale rolla skal høgskulen vere nasjonalt leiande på yrkesretta medieutdanning og nynorsk i utdanning, forskning og formidling.

Strukturendringar til diskusjon

Høgskulen i Volda er ein av fire høgskular på Nordvestlandet og har ei sterk forankring i regionen. Både historisk og i framtida er samspelet gjennom rekruttering, utvikling av studietilbod og kompetanseutvikling for både privat og offentleg sektor avgjerande for det framtidige høgskuletilbodet i regionen. Høgskulane i Møre og Romsdal har ved fleire høve diskutert behovet for nærare samarbeid til beste for både institusjonane og regionen. I 2011 blei det levert ei utgreiing om korleis dette samarbeidet kunne utviklast. Utgreiinga førte til etableringa av Mørealliansen, eit formalisert samarbeid mellom dei tre høgskulane. I samarbeidsavtalen er det formulert ein visjon for alliansen som legg vekt på at Nordvestlandet skal utviklast til ein sterk kunnskapsregion på område der regionen har særlege føresetnader og fortrin. Dette skal skje gjennom tettare samarbeid mellom institusjonane og i samspel med næringsliv, offentleg og frivillig sektor. Styret ser på vidareutvikling og ytterlegare formalisering av dette samarbeidet som grunnlag for utdanning og forskning på Nordvestlandet i nært samarbeid med regionale og internasjonale samfunnsaktørar. Styret meiner det er viktig at Høgskulen i Sogn og Fjordane er med i eit slikt samarbeid. Kombinasjonen av komplimentære og like fag vil styrke tilbodet i regionen og dermed leggje grunnlag for auka kvalitet på forskinga, både nasjonalt og internasjonalt.

Styret ser på ein felles organisasjon mellom høgskulane i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane som ein styrke for andre samarbeid som t.d. UH-nett Vest og andre nasjonale og internasjonale forskings- og utdanningsmiljø.